

BARN, UNGE OG FAMILIE KrF vil støtte opp om familien som ein viktig base for oppvekst.

Barnehagane må sikrast gode rammevilkår så kvaliteten blir god. KrF vil arbeide for oppgradering av Leiktun barnehage i Isfjorden på eksisterande tomt.

Grunnskulen må få nok midlar til at alle elevane får den oppfølginga dei har krav på. KrF vil arbeide for å forebygge mobbing.

KrF vil arbeide for god samhandling mellom barnevern, helsestasjon, skulehelsetenesta og PP-tenesta.

KrF ynskjer å gje kulturskolen gode arbeidsvilkår, gjerne i samarbeid med barnehage og skole.

KrF ynskjer eit breitt tilbod på Rauma vg skole.

HELSE KrF vil ha fokus på psykisk helsevern, helsehjelp og oppfølging av rusavhengige. Den kommunale ruspolitiske handlingsplana må bli brukt aktivt, med vekt på førebyggjande tiltak.

Det er viktig at forholda blir lagt til rette for mosjon, idrett, friluftsliv og folkehelsearbeid.

KrF er opptatt av å ha ei verdig eldreomsorg der behovet til brukar og pårørande blir tatt på alvor.

MILJØ OG SAMFERDSEL Innanfor samferdsel vil KrF prioritere gang- og sykkelvegar, særleg der det er vegar som blir brukt av barn og ungdom.

Naturvern hensyn, ressursforvaltning, jordvern og energiøkonomisering må vere eit hovudelement i alt kommunen gjer.

KrF vil jobbe for person- og godstrafikk på Raumabanen – gjerne med hydrogendrift. KrF vil bidra til å gjenopprette og sikre permanent drift av godstrafikken. Opprusting av E 136, eksportvegen gjennom Romsdalen og Fv 64 må fortsetje.



Støtte næringsliv og landbruk med tilrettelegging og samarbeid. KrF vil bidra til å utvikle Rauma som berekraftig reisemål.

Arbeide for at kyrkjebygga blir tatt godt vare på.

Støtte bygdebokarbeidet for Grytten, Hen og Vågstranda.

Legge til rette for og stimulere til frivillig arbeid

Vektlegge å ta vare på dei tilsette i Rauma kommune.

Ta vare på eit allsidig jordbruk, og legge vekt på jordvern.

Rauma KrF vil jobbe for:

- ein god samarbeidstone i politikken. «Vennlighet og respekt» sa kongen i nyttårstalen 2018/19.
- å ta vare på kvarandre. Det gjeld alle aldersgrupper.
- å ta vare på naturen og dei mange mulegheitene vi har. Rauma skal ikkje berre vere for dei spreke.
- at dei folkevalgte må sikrast reell politisk styring. Prosessane må ikkje gå for fort.

KrFs formål er å fremme ein kristendemokratisk politikk bygd på det kristne menneskesynet, nestekjærleiken og forvaltaransvaret.

SAMAN FOREIT VARMARE SAMFUNN

